

Forskrift [d. mmmm 202X nr. XXX] om gebyr etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Årdal kommune, Vestland fylke

Heimel: Fastsett av Årdal kommunestyre d. mmmm 202X med heimel i [lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) § 33-1](#), [lov 16. juni 2017 nr. 65 om eierseksjoner \(eierseksjonsloven\) § 15](#) og [lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering \(matrikkellova\) § 32 første ledd](#).

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1-1. Føremål og verkeområde til forskrifta

Forskrifta gjev føresegner om betaling av gebyr for sakshandsaming kommunen gjer etter lov og forskrift for følgjande gebyrtenester

- a) kapittel 2 i forskrifta: Private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#), i tillegg til endring av reguleringsplan. Kapitlet gjeld og private forslag til områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg etter [energiloven](#)
- b) kapittel 3 i forskrifta: Bygge-, dele- og dispensasjonssaker etter [plan- og bygningsloven](#)
- c) kapittel 4 i forskrifta: Seksjoneringssaker etter [eierseksjonsloven](#)
- d) kapittel 5 i forskrifta: Oppmålingsforretning og sakshandsaming etter [matrikkellova](#)

§ 1-2. Føresegner om betaling

§ 1-2-1. Betalingsplikt og gebyrsatsar

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr etter føresegnene som her kjem fram. Gebyrsatsane kjem av kommunestyrets budsjettvedtak.

Annonseringsutgifter, tinglysningsgebyr, dokumentavgift og eventuell innleie av sakkunig bistand vert fakturert i saker der kommunen forskotterer dette.

Kommunen kan og krevje dekning av utgifter etter [kulturminneloven § 10](#) for gjennomføring av undersøkingar etter [kulturminneloven § 9](#) på eigedomen til den som har oppmoda kommunen om å regulere.

§ 1-2-2. Faktureringstidspunkt, berekningstidspunkt og fakturamottaker

For private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#) er det følgjande som gjeld

- a) gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet vert som hovudregel fakturert etter oppstartsmøte er halde
- b) kommunen kan fakturere for planinitiativ før det er halde oppstartsmøte
- c) dersom saka avsluttast før oppstartsmøtet, kan kommunen fakturere for planinitiativ når saka vert avslutta
- d) gebyr for andre møter enn oppstartsmøte vert fakturert fortløpande, så lenge anna ikkje er avtalt
- e) gebyr for planprogram vert fakturert når planprogrammet er fastsett etter [plan- og bygningsloven § 12-9](#)
- f) andre gebyr vert fakturert samstundes med kommunen si avgjerd om at forslaget skal fremjast, sendast på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn
- g) gebyr vert berekna etter satsar som gjeld på tidspunkt for innsendt planinitiativ, oppstartsmøte, andre møter og når komplett innsendt planforslag er motteke av kommunen
- h) gebyrkravet vert retta til den som har underskreve planforslaget som forslagsstillar, dersom anna ikkje er avtalt i oppstartsmøtet.

For bygge- og delesak og eigarseksjonering gjeld følgjande

- a) gebyr vert fakturert når kommunen har ferdig handsama eller avslutta saka

- b) gebyr vert berekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad er motteke av kommunen
- c) gebyrkravet vert retta til den som har skreve under søknaden som tiltakshavar, om ikkje anna er avtalt
- d) det skal betalast eit særskild gebyr per utskrive matrikkelbrev, jf. [matrikkelforskriften § 9](#), jf. [§ 16](#) fjerde ledd.

For oppmåling etter matrikkellova gjeld følgande

- a) gebyr vert fakturert når kommunen har ferdig handsama eller avslutta saka
- b) gebyr vert berekna etter dei satsar som gjeld på rekvisisjonstidspunktet
- c) kommunen kan krevje gebyr betalt inn forskotsvis, jf. [matrikkelforskriften § 16](#) femte ledd
- d) gebyrkrav vert retta til den som har skreve under rekvisisjonen, dersom anna ikkje er avtalt
- e) det skal betalast eit særskild gebyr per utskrive matrikkelbrev, jf. [matrikkelforskriften § 9](#), jf. [§ 16](#) fjerde ledd.

§ 1-2-3. Tidspunkt for betaling

Gebyr, utgiftsdekningar mv. som etter denne forskrifta forfell til betaling etter påkrav i samsvar med faktura. Ved manglande betaling tilkjem purregebyr og renter, jf. [forsinkelsesrenteloven](#). Dersom faktura ikkje vert betalt etter purring, vert kravet sendt til innfordring, jf. [inkassoforskriften](#).

Gebyret må betalast og forfell sjølv om vedtaket i saka er påklaga.

§ 1-3. Reduksjon av gebyr

Dersom eit gebyr klart overstig sjølvkost i ei einskild sak, skal kommunen på eige initiativ redusere gebyret. Kommunen kan på eige initiativ gi redusert gebyr til idrettsorganisasjonar, idrettslag og andre lag/foreningar med allmennyttige føremål. Storleiken på reduksjonen går fram av det årlege gebyrregulativet.

§ 1-4. Klagerett

Det er ikkje klagerett på gebyr som følgjer direkte av denne forskrifta, jf. [forvaltningsloven](#).

§ 1-5. Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta vert det brukt følgande forkortingar og definisjonar

- a) pbl: [plan- og bygningsloven](#)
- b) SAK: [forskrift om byggesak \(byggesaksforskriften\)](#)
- c) TEK: [forskrift om tekniske krav til byggverk \(byggteknisk forskrift\)](#)
- d) grunngebyr: gebyr som er uavhengig av tiltakets kompleksitet og storleik og som skal dekke dei generelle oppgåvene i prosessen for sakshandsaming. Grunngebyret skal for eksempel dekkje mottak av søknad, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering
- e) sakshandsamingsgebyr: gebyr som skal dekkje oppgåver i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik
- f) registreringsgebyr: gebyr som dekkjer kommunens kostnader knytt til registrering i matrikkelen
- g) planinitiativ: eige dokument forslagsstillar må sende til kommunen før oppstartsmøte og skal i naudsynt grad omtale premissa for det vidare planarbeidet, jf. [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#)
- h) oppstartsmøte: lovpålagt møte mellom forslagsstillar og kommune der man behandlar alle naudsynte emne for å klargjere forutsetningane for det vidare planarbeidet og utforminga av det endelege planforslaget
- i) konsekvensutgreiing: særskild utgreiing som beskriv verknadane av plana for miljø og samfunn, jf. [forskrift om konsekvensutredninger](#)
- j) førehandskonferanse: møte for avklaring av rammar og innhald i tiltaket jf. [plan- og bygningsloven § 21-1](#) før byggesøknad vert sendt inn til kommunen

- k) søknadspliktige tiltak: tiltak som det må søkjast om etter [plan- og bygningsloven § 20-1](#), [§ 20-2](#), [§ 20-3](#) og [§ 20-4](#)
- l) tilsyn: verkemiddel for å kontrollere at byggetiltak blir gjennomført i samsvar med føresegnene gjeve i eller med heimel i [plan- og bygningsloven](#) og som bidreg til betre gjennomføring av byggeprosessar, avdekkjer ulovlege forhold og verker førebyggjande
- m) bebygd areal (BYA): summen av bebygd areal for alle bygningar, bygningsdelar og bygningskonstruksjonar over bakken, opent overbygd areal og naudsynt areal for biloppstillingsplassar på tomte, slik det går fram av målereglene i [byggteknisk forskrift kapittel 5](#)
- n) bueining: brukseining som har alle hovedefunksjonar for bustad, slik som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskilt frå andre einingar, jf. [byggesaksforskriften § 2-2](#)
- o) bruksareal (BRA): bruksareal slik det går fram av målereglene i [byggteknisk forskrift kapittel 5](#)
- p) brukseining: bygning eller del av bygning (lokale), t.d. bueining, garasje, anneks/uthus, kontoreining, verkstad og lager
- q) bygningstype: standardisert kategorisering av den einskilde bygning etter *NS-3457-3 Bygningstyper* hvor bygningstyper fra 111 til 199 tilhører bygningshovedgruppe bolig og bygningstyper fra 211 til 999 er alt anna enn bolig
- r) tilleggsdel: tillegg til hovuddel, til dømes bod, garasje, parkeringsplass eller uteareal
- s) matrikkeleining: grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrunn
- t) matrikkel: nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har et unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr), tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret).

Kapittel 2. Private planforslag

Kapittelet omhandlar gebyr for sakshandsaming av private planforslag etter [plan- og bygningsloven](#), i tillegg til endring av reguleringsplan. Kapittelet gjelder og private forslag til områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg etter [energiloven](#).

I § 2-7 er det presisert kva for planforslag det ikkje skal verte fakturert gebyr for.

Samla gebyr inneheld gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet og for handsaming av innsendt planforslag. Dersom planforslaget har mangelfulle plandokument, tilkjem det tilleggsgebyr.

§ 2-1. Gebyr for arbeid med oppstart av planarbeidet

§ 2-1-1. Gebyr for planinitiativ

Gebyret for gjennomgang av planinitiativ inkluderer eitt initiativ. Det tilkjem nytt gebyr for planinitiativ som ved første innsending inneheld feil eller manglar og som må verte sendt inn på nytt.

Planinitiativ	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gjennomgang av planinitiativ	Per planinitiativ	Vnr. Y	Kr x
Planinitiativ som vert sendt inn fleire gonger	Per påfølgande planinitiativ	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-2. Gebyr for oppstartsmøte og andre møte i oppstartsfasen

Møter i oppstartsfasen	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Oppstartsmøte	Per oppstartsmøte	Vnr. Y	Kr x
Arbeidsmøte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-3. Forhold til overordna planar i kommunen

Dersom planinitiativet er i strid med kommuneplan skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Planinitiativets forhold til overordna planar	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Planinitiativ i strid med kommuneplan	Per planinitiativ	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-4. Gebyr for fastsetting av planprogram

Planprogram, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Fastsetting av planprogram	Per planprogram	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-5. Tilleggsgebyr for politisk prøving av planinitiativ

Politisk prøving av planinitiativ	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Dersom forslagsstillar krev spørsmål om vesentlege ueinigheter om det vidare planarbeidet førelagt kommunestyret etter pbl § 12-8 første ledd	Per sak	Vnr. Y	Kr x
Om forslagsstillar krev at avgjersla om stans av planinitiativ skal leggjast fram for kommunestyret for handsaming etter pbl § 12-8 andre ledd	Per planinitiativ	Vnr. Y	Kr x

§ 2-1-6. Mangelfulle plandokument

Det vert fakturert tilleggsgebyr dersom planforslaget ikkje vert levert i fullverdig digital form, og kommunen har meirarbeid ved retting av kartgrunnlag og/eller plandokument.

Mangelfulle plandokument	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Tilleggsgebyr ved utarbeiding av skriftleg tilbakemelding om manglar i plandokumenta	Per time	Vnr. Y	Kr x
Tilleggsgebyr for retting av mangelfulle plandokument til førstegongshandsaming	Per time	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2. Gebyr for handsaming av private planforslag

Alle innsendte planforslag utløyer grunngebyr. Tilleggsgebyr vert utløyst dersom planforslaget møter krava for dei einskilde tilleggsgebyra.

§ 2-2-1. Grunngebyr for planforslag

Grunngebyr	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Grunngebyr for planforslag	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-2. Tilleggsgebyr for arbeidsmøte undervegs i planprosessen

Arbeidsmøte	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Arbeidsmøte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-3. Tilleggsgebyr for planer med konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Konsekvensutgreiing	Per emne	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-4. Tilleggsgebyr for planer innanfor sentrumsområde

For planforslag i område som etter kommuneplan er definert som sentrum og/eller spesifiserte områdeplanar for sentrum, skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Plan innanfor sentrum	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Planforslag innanfor sentrum	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-5. Tilleggsgebyr for utbyggingsarealet til bebyggelsen

Arealet til bebyggelsen	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Planforslag der arealet til bebyggelsen er over 15.000 m ² BRA/BYA	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-6. Tilleggsgebyr for tal på tomter for bebyggelsen

Tomter for bebyggelse	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Frå og med 5 tomter	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-7. Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå

Gebyret vert ilagt planforslag med regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over grunnen, jf. [kart- og planforskriften § 9](#) tredje ledd.

Tilleggsgebyr for vertikalnivå	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå	Per vertikalnivå utover eitt	Vnr. Y	Kr x

§ 2-2-8. Tilleggsgebyr for planforslag i strid med overordna planar

Planforslagets forhold til overordna planar	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Planforslag i strid med kommuneplan	Per planforslag	Vnr. Y	Kr x

§ 2-3. Gebyr for utfylling, endring og oppheving av plan

Utfylling, endring og oppheving av plan	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Endringar som handsamast som ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd	Per planforslag	Vnr. Y	Fullt gebyr
Endringar i reguleringsplan, oppheving av, eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev politisk behandling	Per søknad	Vnr. Y	Kr x
Tilleggsgebyr for møte i sak om endring mv. av reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd	Per møte	Vnr. Y	Gebyr etter § 2-2-2.

§ 2-4. Gebyr ved avslutning av planarbeidet

Ved trekk av planinitiativ/forslag eller manglande oppfølging frå forslagsstillar skal det betalast ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har komen i sakshandsaminga.

Avslutning av planprosess	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Om saka vert trekt før oppstartsvarel eller planmynde avgjer at initiativet skal stoppast	Per planinitiativ	Vnr. Y	Gebyr etter § 2-1-1.
Etter oppstartsmøte, men før innsending av forslag	Per planoppstart	Vnr. Y	Gebyr etter § 2-1.
Avslutning av planarbeidet etter at planforslaget er motteke av kommunen	Per planforslag	Vnr. Y	50 % av gebyr etter § 2-2.*
Gebyr ved avslag etter pbl § 12-11	Per planforslag	Vnr. Y	Fullt gebyr
Avslutning av arbeid med planendring etter 0. før saka er sendt på høyring	Per søknad	Vnr. Y	50 % av gebyr etter 0.*

*Gebyr etter § 2-2-2. vert fakturert i si heilheit.

§ 2-5. Gebyr for oppstartsmøte ved manglande oppfølging frå forslagsstillar

Med mindre noko anna er avtalt, kan kommunen krevje nytt oppstartsmøtegebyr i følgjande tilfelle:

Gebyr for oppstartsmøte ved manglande oppfølging	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Der planoppstart ikkje er kunngjort innan 12 månader etter første oppstartsmøte	Per nytt oppstartsmøte	Vnr. Y	Gebyr etter § 2-1-2.
Der komplett planforslag ikkje er motteke innan 24 månader etter første oppstartsmøte	Per nytt oppstartsmøte	Vnr. Y	Gebyr etter § 2-1-2.

§ 2-6. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [plan- og bygningsloven](#) som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapitelet, vert fakturert etter tid som er gått med. I spesielle/atypiske sakar kan kommunen sjølv avgjere at gebyret skal fastsettast etter tid som er gått med.

Timepris	Berekingseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for tid som er gått med i plansaker	Per time	Vnr. Y	Kr x

§ 2-7. Gebyrfritak

§ 2-7-1. Offentlege planforslag

Kommunen bereknar ikkje gebyr for å handsame planforslag frå offentlege forslagsstillar når planen skal ivareta offentlege interesse eller funksjonar og tiltaket skal verte finansiert med beviljingar frå stat eller kommune, eller med lån som har statleg eller kommunal garanti.

§ 2-7-2. Unntak gebyrfritak – Offentlege forslagsstillar med kommersielle interesser

Offentlege forslagsstillar, herunder kommunale føretak, som fremmar planforslag knytt til eigedomsutvikling av reine eigedoms- og grunneigarinteresser (kommersielle interesser), er likestilt med private forslagsstillar og skal betale gebyr.

Der deler av plana frå offentlege forslagsstillar, herunder kommunale føretak, er knytt til eigedomsutvikling mv. (kommersielle interesser), skal det betalst gebyr for denne delen berekna etter reglene i § 2-2.

Kapittel 3. Bygge-, dele- og dispensasjonssaker

Kapitelet omhandlar gebyr for sakshandsaming av bygge-, dele- og dispensasjonssaker etter [plan- og bygningsloven](#).

For alle søknadspliktige tiltak skal det betalast gebyr. Samla gebyr inneheld grunngebyr, sakshandsamingsgebyr, registreringsgebyr, i tillegg til eventuelle tilleggsgebyr. Storleiken av gebyret er det samme for løyve som for avslag.

Gebyra gjeld både for eitt-trinns søknadar og rammesøknadar. For begge søknadstypar er ferdigattest inkludert i gebyret, så lenge det ikkje er meir enn fem år sidan byggeløyve første gong er gjeven.

Normalt skal 10 prosent av gebyret dekkje tilsynsverksemda til kommunen.

§ 3-1. Grunngebyr

Grunngebyr vert fakturert frå kommunen i alle saker, med mindre noko anna går fram av denne forskrifta.

Grunngebyr	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Søknadar innsendt via søknadsportal	Per søknad	Vnr. Y	Kr x
Søknadar innsendt på anna vis	Per søknad	Vnr. Y	Kr x

§ 3-2. Registreringsgebyr

For søknads- og meldepliktige tiltak etter [plan- og bygningsloven](#) vert det betalt eit gebyr som dekkjer kommunens kostnader knytt til registrering av tiltaket i matrikkelen. Arbeidet i matrikkelen aukar proporsjonalt med talet på brukseiningar og vert berekna per brukseining. Gebyret gjeld og for meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige. Gebyret vert berekna for maksimalt 10 brukseiningar eller tiltak.

Registreringsgebyr	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Søknadspliktige tiltak, for den første brukseininga	Per brukseining	Vnr. Y	Kr x
Søknadspliktige tiltak, frå og med den andre brukseininga	Per brukseining	Vnr. Y	Kr x
Meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktig	Per tiltak	Vnr. Y	Kr x

§ 3-3. Tilleggsgebyr ved mangelfull søknad

Dersom motteken søknad inneheld dokumentasjon som er mangelfull eller feilaktig, vert det berekna eit tilleggsgebyr. Gebyret gjeld frå og med det andre mangelbrevet som kommunen sender ut.

Tilleggsgebyr for mangelfull søknad	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Mangelbrev	Frå og med andre mangelbrev	Vnr. Y	Kr x

§ 3-4. Førehandskonferanse og andre møte

Førehandskonferanse og andre møte	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Førehandskonferanse	Per møte	Vnr. Y	Kr x
Andre møter	Per time	Vnr. Y	Kr x

§ 3-5. Søknadsppliktige tiltak som krev ansvarleg føretak – pbl § 20-3

§ 3-5-1. Bustad, fritidsbustad og andre bygg, jf. § 20-1 a og b

For bygningar som er kombinasjonsbygg (både bustadføre mål og anna enn bustadføre mål), vert det berekna gebyr for begge formål.

For hovudombygging etter [plan- og bygningsloven § 20-1](#) n vert det betalt gebyr etter § 3-5-1-1. eller § 3-5-1-5.

§ 3-5-1-1. Oppføring av bustadbygg

Oppføring av bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Ingen, éin eller to bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x
Tre til fire bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x
Fem til ti bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x
Elleve til tju bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x
Over tju bueiningar	Per bygning	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-1-2. Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg

Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg	Per tiltak	Vnr. Y	Kr x

§ 3-5-1-3. Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg

Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg (bygningstype 111-163)	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Vesentleg endring eller reparasjon av bustadbygg	Per tiltak	Vnr. Y	Kr x

§ 3-5-1-4. Seterhus, rorbu, koie, garasje, uthus, anneks, naust, båthus, bustadbrakke og liknande

Tiltak etter § 20-1 a og b (bygningstype 171-199)	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Seterhus, rorbu, koie, garasje, uthus, anneks, naust, båthus, bustadbrakke og liknande	Per tiltak	Vnr. Y	Kr x

§ 3-5-1-5. Andre bygningar enn bustad

Andre bygningar enn bustad	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Industri-/næringsbygg (bygningstype: 211-249)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Landbruksbygg (bygningstype: 211-249)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Kontor- og forretningsbygg (bygningstype: 311-330)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Andre næringsbygg og offentlege bygg (bygningstype: 411-999)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Tilbygg, påbygg eller underbygg til anna enn bustad (bygningstype: 211-999)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Vesentleg endring eller reparasjon til anna enn bustad (bygningstype: 211-999)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-1-6. Andre tiltak enn bygningar (konstruksjonar og anlegg)

Andre tiltak enn bygningar (konstruksjonar og anlegg)	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Konstruksjonar og anlegg (røyr-, og leidningsanlegg, avløpsanlegg, olje-/feittutskiljar, symjebasseng, dam/brønn, brygge, molo, kai, støttemur og liknande)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-1-7. Fasadeendring

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-1-8. Bruksendring, vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Bruksendring av bustad frå tilleggsdel til hovuddel, eller omvendt	Per brukseining	Vnr. Y	kr x
Bruksendring av bustad til anna enn bustad	Per brukseining	Vnr. Y	kr x
Bruksendring av anna enn bustad til bustad	Per brukseining	Vnr. Y	kr x
Andre bruksendringar	Per time	Vnr. Y	kr x
Vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak, jf. pbl § 20-1 a	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-2. Riving av tiltak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Riving mv. av bygningar, konstruksjonar og anlegg	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Tillegg for avfallsplan	Per avfallsplan	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-3. Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar

Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Bygningstekniske installasjonar	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Skorstein og røykkanal	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-4. Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar i bustad

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g.	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Samanføyning av brukseiningar i bustad mv.	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Oppdeling av brukseiningar i bustad mv.	Per ny brukseining	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-5. Oppføring av innhegning mot veg

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Innhegning mot veg (til dømes støyskjerm, gjerder, vollar, murar m.m.)	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-6. Plassering av skilt- og reklameinnretningar

Det vert ikkje fakturert eige gebyr for søknad om skilt som inngår i søknad om nybygg eller utvendig ombygging eller ved fasadeendring.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 i	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Skilt	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-7. Plassering av mellombelse bygningar, konstruksjonar eller anlegg

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Plassering av mellombelse bygningar, konstruksjonar eller anlegg	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-8. Vesentleg terrenginngrep

Vesentleg terrenginngrep etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Vesentleg terrenginngrep	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-5-9. Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Anlegg av veg	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Anlegg av parkeringsplass	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Anlegg av landingsplass	Per tiltak	Vnr. Y	kr x

§ 3-6. Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. [plan- og bygningsloven § 20-4](#), jf. [byggingsforskriften §§ 3-1 og 3-2](#)

§ 3-6-1. Oppretting og endring av eigedom

Oppretting av grunneigedom mv., jf. pbl § 20-1 m	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Oppretting av grunneigedom	Per grunneigedom	Vnr. Y	kr x
Arealoverføring	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Oppretting av festegrund	Per festegrund	Vnr. Y	kr x
Oppretting av anleggseigedom	Per anleggseigedom	Vnr. Y	kr x
Oppretting av nytt jordsameie	Per jordsameie	Vnr. Y	kr x
Matrikelomforming	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 3-6-2. Andre tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Mindre tiltak på utbygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor en brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Frittliggande bustadbygning etter SAK § 3-1 e	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Alminnelege driftsbygningar i landbruket under 1.000 m ² , jf. SAK § 3-2	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Mellombelse tiltak mv. jf. pbl § 20-4 c	Per tiltak	Vnr. Y	kr x
Andre mindre tiltak som tiltakshavar kan stå for etter kommunens skjønn jf. pbl 20-4 e	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 3-7. Igangsetjingsløyve, mellombels bruksløyve og ferdigattest

Grunngebret vert ikkje belasta for desse sakstypene.

Igangsetjingsløyve, mellombels bruksløyve og ferdigattest	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Igangsetjingsløyve	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Mellombels bruksløyve	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år sidan første løyve i byggesaka vart gjeve	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-8. Dispensasjon

Gebyret kjem i tillegg til eventuelle sakshandsamingsgebyr. Ved samstundes søknad om dispensasjon og andre tiltak etter dette kapittel, kravs kun eitt grunngebyr.

Dispensasjon etter pbl § 19-1	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Søknad om dispensasjon frå kommune- og reguleringsplan	Per dispensasjon	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag	Per dispensasjon	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon frå avstand til veg, og opparbeiding av veg. (regulert avstand til veg og pbl 18-1)	Per dispensasjon	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon frå lov og forskrift	Per dispensasjon	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon for felling av tre/trær	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Søknad om dispensasjon for felling av tre, der treet er dokumentert dødt eller utgjør ei openberr fare for omgivnadene	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Tilleggsgebyr for ekstern høyring	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Tilleggsgebyr for politisk handsaming	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 3-9. Andre vurderingar

Andre vurderingar	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Fråvik frå tekniske krav ved tiltak på eksisterande byggverk, jf. pbl § 31-4	Per fråvik	Vnr. Y	kr x
Godkjenning av sjølvbyggeransvar, jf. SAK § 6-8	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krava til praksis mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4	Per føretak	Vnr. Y	kr x
Løyve til tilknytning til eksisterande private vass- og avløpsanlegg, jf. pbl § 27-3	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Tilleggsgebyr der kommunen må innhente naudsynt samtykke eller utsegn frå andre myndigheiter	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Tillegg for avfallsplan for tiltak som ikkje gjeld riving, jf. pbl. § 20-1 e	Per avfallsplan	Vnr. Y	kr x

§ 3-10. Søknad om endring av gitt løyve før bygg eller tiltak har fått ferdigattest

Endrings søknad	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Søknadspiktig endring av tiltak	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 3-11. Gebyr for avslutta sak før vedtak eller ved avvising

Gebyr for avslutta sak før vedtak	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Søknad som vert trekt før påbegynt sakshandsaming eller som vert avvist som følge av manglande privatrettslege føresetnader	Per søknad	Vnr. Y	Grunngebyr + eventuelt mangelbrev
Søknad som vert trekt etter at kommunen har sett i gang sakshandsaming, men før førstegongsvedtak	Per søknad	Vnr. Y	Grunngebyr + 50 % av sakshandsamingsgebyr

§ 3-12. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter [plan- og bygningsloven](#) som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapittel, vert fakturert etter tid som er medgått. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv bestemme at gebyret skal verte fastsett etter medgått tid.

Timepris	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for medgått tid i bygge-, dele- og dispensasjonssaker	Per time	Vnr. Y	kr x

Kapittel 4. Eigarseksjonering

Kapitelet omhandlar gebyr for seksjoneringssakar etter [eierseksjonsloven](#). For alle søknadspliktige tiltak skal det verte betalt gebyr. Storleiken på gebyret er det same for løyver som for avslag.

Samla gebyr inneheld grunngebyr, sakshandsamingsgebyr, registreringsgebyr og eventuelle tilleggsgebyr.

§ 4-1. Grunnggebyr

Det vert fakturert grunngebyr frå kommunen i alle saker, med mindre noko anna går fram av denne forskrifta.

Grunnggebyr	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Søknadar innsendt via søknadsportal eller på anna vis	Per søknad	Vnr. Y	Kr x

§ 4-2. Registreringsgebyr

Det vert fakturert registreringsgebyr frå kommunen for alle saker. Arbeidet i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på seksjonar og vert berekna per seksjon. Gebyret vert berekna for maksimalt 10 seksjonar.

Registreringsgebyr	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Registreringsgebyr, for den første seksjonen	Per seksjon	Vnr. Y	kr x
Registreringsgebyr, frå og med den andre seksjonen	Per seksjon	Vnr. Y	kr x

§ 4-3. Tilleggsgebyr ved mangelfull søknad

Dersom søknaden ikkje fyl krava i [eierseksjonsloven § 11](#) og kommunen må sende mangelbrev tilkjem eit tilleggsgebyr. Gebyret tilkjem frå og med andre mangelbrevet som kommunen sender ut.

Tilleggsgebyr for mangelfull søknad	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Mangelbrev	Frå og med andre mangelbrev	Vnr. Y	kr x

§ 4-4. Oppretting av eigarseksjonar og reseksjonering

Oppretting av eigarseksjonar og reseksjonering	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
For éin til fire seksjonar	Per søknad	Vnr. Y	kr x
For fem til åtte seksjonar	Per søknad	Vnr. Y	kr x
Over åtte seksjonar	Per søknad	Vnr. Y	kr x

§ 4-5. Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Sletting/oppheving av seksjonert sameige	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Sakshandsamingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 4-6. Tilleggsgebyr

Tilleggsgebyr	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for synfaring	Per synfaring	Vnr. Y	kr x
Tilleggsgebyr ved seksjonering av anleggseigendom	Per time	Vnr. Y	kr x

§ 4-7. Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Søknad som vert trekt, avvist eller vert avslutta før påbegynt sakshandsaming	Per søknad	Vnr. Y	Grunngebyr + eventuelt mangelbrev
Søknad som trekkes etter at kommunen har sett i gang sakshandsaming, men før førstegangsvedtak	Per søknad	Vnr. Y	Grunngebyr + 50 % av sakshandsamingsgebyr

§ 4-8. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter eierseksjonsloven som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapittel, vert fakturert etter tid som er medgått. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv føresegne at gebyret skal verte fastsett etter medgått tid.

Timepris	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for medgått tid i seksjonerings saker	Per time	Vnr. Y	kr x

Kapittel 5. Oppmålingsforretning

Kapitlet omhandlar gebyr for oppmålingsforretning og sakshandsaming etter [matrikkellova](#).

§ 5-1. Tidsfristar om vinteren

Den generelle handsamingsfristen på 16 veker for saker som krev oppmålingsforretning, gjeld ikkje i perioden frå 15. oktober til 15. mai, jf. [matrikkelforskriften § 18](#) tredje ledd. I delar av kommunen der naudsynte tilkomstveggar er vinterstengt etter 15. mai startar ikkje tidsfristen før vegane er opna etter vinterstenging.

§ 5-2. Tilleggsgebyr ved mangelfull søknad

Dersom søknaden ikkje fyl krava i [matrikkellova](#) og kommunen må sende mangelbrev tilkjem eit tilleggsgebyr. Gebyret tilkjem frå og med andre mangelbrevet som kommunen sender ut.

Tilleggsgebyr for mangelfull søknad	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Mangelbrev	Frå og med andre mangelbrev	Vnr. Y	kr x

§ 5-3. Oppmålingsforretningar

Samlet gebyr er todelt og er samansatt av grunngbyr og sakshandsamingsgebyr.

§ 5-3-1. Grunngbyr

Det vert fakturert grunngbyr frå kommunen i alle saker, med mindre noko anna går fram av denne forskrifta. Ved samstundes søknad om frådelling jf. pbl § 20-1 m og oppmålingsforretning, vert det kravd kun eitt grunngbyr. Det vert og kravd kun eitt grunngbyr ved samstundes søknad om eigarseksjonering og oppmåling av uteareal på eigarseksjon.

Grunngbyr	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Søknader innsendt via søknadsportal eller på anna vis	Per søknad	Vnr. Y	Kr x

§ 5-3-2. Gebyr for sakshandsaming

Gebyret dekkjer kommunens sakshandsaming i forbindelse med oppmålingsforretning, matrikkelføring, og fysisk oppmøte i marka.

Gebyr for sakshandsaming	Berekningseining	Artikkel	Gebyr
Oppretting av grunneigedom og festegrund	Per matrikkeleining	Vnr. Y	kr x
Matrikulering av eksisterende umatrikulert grunn	Per matrikkeleining	Vnr. Y	kr x
Oppretting av uteareal på eigarseksjon	Per uteareal	Vnr. Y	kr x
Oppretting av anleggseigedom	Per matrikkeleining	Vnr. Y	kr x
Oppretting av punktbeste	Per punktbeste	Vnr. Y	kr x
Registrering av jordsameige	Per time	Vnr. Y	kr x
Grensejustering	Per grensejustering	Vnr. Y	kr x
Arealoverføring	Per arealoverføring	Vnr. Y	kr x
Arealoverføring til offentlig veg og jernbane	Per time	Vnr. Y	kr x
Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning, inntil 2 punkt	Per rekvisisjon	Vnr. Y	kr x
Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning, for overskytande grensepunkt	Per grensepunkt	Vnr. Y	kr x
Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar, inntil 2 punkt	Per rekvisisjon	Vnr. Y	kr x
Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar, for overskytande grensepunkt	Per grensepunkt	Vnr. Y	kr x
Privat grenseavtale, for inntil 2 punkt eller 100m grenselengde	Per rekvisisjon	Vnr. Y	kr x
Privat grenseavtale, for kvart nytt punkt eller påbegynt 100m grenselengde	Per grensepunkt / per påbegynt 100m grenselengde	Vnr. Y	kr x
Samanslåing av eigedommar	Per søknad	Vnr. Y	kr 0,-
Oppretting av matrikkelenhet utan fullført oppmålingsforretning (MUF)*	Per matrikkeleining	Vnr. Y	kr x

*Gebyr for oppmålingsforretning vert fakturert etter forretninga er fullført til gjeldande satsar på oppmålingstidspunkt, dersom anna ikkje er avtalt.

§ 5-4. Avbroten forretning

Gebyr ved avbroten forretning	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for utført arbeid dersom saka vert trekt eller må bli avvist før oppmåling i marka er gjennomført	Per sak	Vnr. Y	Grunngebyr + 30 % av § 5-3-2
Gebyr der saka vert avslutta etter at oppmålingsforretninga er gjennomført	Per sak	Vnr. Y	75 % av totalt gebyr

§ 5-5. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter matrikkellova som ikkje fell inn under andre føresegner i denne forskrifta, vert fakturert etter tid som er medgått. I spesielle/atypiske saker kan kommunen sjølv føresegne at gebyret skal verte fastsett etter medgått tid.

Anna fakturerbart arbeid	Berekningsseining	Artikkel	Gebyr
Gebyr for medgått tid i oppmålingssaker	Per time	Vnr. Y	kr x

Kapittel 6. Ikraftsetjing

§ 6-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2027.